

VEGVESENET

Kontrollar på Seljestad

Vegvesenet hadde fleire kontrollar på Seljestad i helga. Fredag kveld kontrollerte dei tungtransport, der dei gjennomførte både køyre/kviletidskontroll og vektkontroll. 23 køyretøy vart kontrollerte, og to av dei hadde skriftlege manglar. To fekk gebyr for å ikkje ha medbringa kjettingar, og det vart i tillegg gitt eit gebyr for dekk med for lite mønsterdjup. Eit firma vart rapportert for brot på køyre/kviletida.

Laurdag var det igjen kontroll, og då var både tunge og lette køyretøy kontrollerte. Fire fekk gebyr for manglande vognkort, og ein fekk gebyr for overlast. – Tre fekk bruksforbod på grunn av overlast, tre på grunn av manglande lys og ei var for lang og mätte korta inn før vidare køyring. skriv Sveinung Bauge i Statens vegvesen sin uttekstkontrollseksjon i e-post til HF.

POLITIET

Sett i arresten

Ein mann i 20-åra vart sett i drukkenskapsarresten etter ein fest i Hardanger laurdag kveld. – Mannen var truande, full og spytta mot politiet, skriv Vest politidistrikt på Twitter. Han skal og ha slått til ein gjest på festen dei var på. – Mannen blir anmeldt for ordensforstyrning, bæring av kniv på offentlig plass og kroppskrenking, skriv politiet vidare.



■ Rasteplassen på Espenes vil koste mellom 15 og 20 millionar kroner

Skal byggast i 2020

Bygginga av ein rasteplass med utsiktspunkt på det gamle riggområdet ved Deildo er no lagt ut på anbod.

SONDRE LINGÅS HAUKEDAL
sondre@hardanger-folkeblad.no
90013724

– Det har vore rasteplass her tidlegare og. Vi trengde plassen som riggplass under rassikringa i Deildo, og i dag er det berre ein stor grusplass. No er tida kome for å føre den tilbake til opphavleg bruk, seier Ruud.

Ho er strekningsansvarleg i Hardanger for [Nasjonale turistveggar](#).

Dei siste åra har det blitt bygd mange nye og spektakulære rasteplassar langs vegane som er klassifisert som nasjonale turistveggar, mellom anna ved Vøringfossen.

I sommar kom nyheita om at eit slikt anlegg er under planlegging på Espenes ved Deildo i Ullensvang.

– Arkitektur for å framheve det spektakulære i landskapet har vore ein sentral del av satsinga på [turistvegane](#). Mellom anna gjennom rasteplassar. Vi håpar dette skal bli eit fint bidrag til reiselivssatsinga som er i regionen, seier Ruud.

Neste år

Det er Code arkitektur AS som har teikna den nye rasteplassen. Den vil koste mellom 15 og



ESPENES: Slik ser Code arkitektur AS for seg at den nye rasteplassen på Espenes skal sjå ut.

20 millionar kroner og er fullfinansiert av staten.

Anlegget skal innehalde toalett, eit lite teknisk rom og eit overbygd område som vil gi ly for regn.

– Eg synest det er fint at vi får til ein så stor rasteplass i tronge Hardanger. Eg trur det blir kjærkome, særleg i høgsesongen. Målet er at ein skal kunne kome seg av vegen og puste ut litt, seier Ruud.

Ho fortel vidare at den nye

rasteplassen etter planen skal stå ferdig neste år.

– No håpar vi å få på plass kontrakt med entreprenør på etterjulsvinteren, slik at arbeidet kan starte til våren. Målet er at rasteplassen skal stå ferdig før jul neste år, seier Ruud.

– Blir det arbeid i turistsesongen?

– Det er eit betydeleg anlegg som skal byggast, og vi har difor behov for å drive med anleggsarbeid i sommarhalvåret. resul-

tatet gjer ein intensiv byggeperiode verdt det, seier Ruud.

» Vi håpar dette skal bli eit fint bidrag til reiselivssatsinga som er i regionen.
THERESE RUUD
Nasjonale turistveggar

SKISSE: CODE ARKITEKTUR AS



ANSVARLEG: Therese Ruud i Nasjonale turistveggar. Pressefoto

Kan bli sykkelfest i Kinsarvik

Kinsarvik og Ullensvang kan få besøk av Nordens største sykkelritt i 2020. Det kjem fram i ein søknad Tour of Norway har sendt til Vestland fylkeskommune.

SONDRE LINGÅS HAUKEDAL
sondre@hardanger-folkeblad.no
90013724

I førre månad søkte sykkelrittet om 500 000 kroner i støtte frå Vestland fylkeskommune til gjennomføringa av rittet i 2020.

– Planane for utgåva inneber at tre etappar blir heilt eller delvis lagt til Vestland fylke, heiter det i søknaden.

Planen er ifølge søknaden at den første etappen skal starte på Haugalandet og ha målgang i Kinsarvik/Ullensvang.

Medan andre etappe skal gå frå Norheimsund til Voss, og tredje etappe frå Flåm til Hallingdal.

Vertskap tidlegare

I 2018 vart dei to norske sykkelritt Tour des Fjords og Tour of

Norway slått saman til eit sykkelritt.

Forgjengaren Tour des Fjords arrangerte mange etappar i Hardanger og løpet av dei seks åra rittet blei arrangert.

Førre gong sykkelfesten var innom regionen var i 2017.

Då Odda var startby for ein etappe som hadde målgang i Kopervik.

Ifølge sykkelnettstaden Pro-cycling.no vil neste års løype truleg bli endeleg fastsett i desember/januar.



FØRRE GONG: Slik såg det ut då Tour des Fjords var innom Odda i 2017. ARKIVFOTO: SYNNOVE NYHEIM